



Møteprotokoll

Utval: Folgefonna nasjonalparkstyre

Møtestad: Teams

Dato: 31.05.2024

Tidspunkt: 10:00 - 12:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne kommune
Roald Aga Haug	Medlem	Ullensvang kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Vegard Bjørnevik	Medlem	Kvinnherad kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Thea Vaage		Kvinnherad kommune

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn	
Øystein Wallevik	rådgjevar
Lars Mikkjel Hus Kråkenes	rådgjevar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 8/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 10/24	Folgefonna nasjonalparkstyre - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane		2024/7043
ST 11/24	Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Hjortedalen - Valestrand Beitesforening		2023/17709
ST 12/24	Referatsaker		
RS 5/24	Uttale frå Folgefonna nasjonalparkstyre til Miljødirektoratet si vurdering av omgjerung av vedtak		2024/789
RS 6/24	Omgjøring av vedtak om sikringsbu ved Holmaskjer		2024/789
RS 7/24	Oppgradering/fornyng av kraftledning - 22kv ledning - Mosdalen - Folgefonna nasjonalpark - Jøsok AS		2024/7981
ST 13/24	Delegerte saker		
DS 8/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - drone - TV-serie Norges Nasjonalparker		2024/6823
DS 9/24	Delegert vedtak - oppsetjing av ekstra basestasjon - bjøllesystem for sau - Takliskardet - Folgefonna nasjonalpark		2023/7274
DS 10/24	Delegert vedtak - helikopterløyve - proviantere - Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark		2022/6386
DS 11/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - flygeløyve Breidablikk og Fonnabu 2024-2027		2020/8428
DS 12/24	Delegert vedtak - transport av ved, gass og parafin med snøskuter - Blåvassbu og Svarthammar - Ola Espeland		2024/4823
DS 13/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - utbetring av skader etter storm - Fonnabu turisthytte - Bergen og Hordaland turlag		2023/16215
DS 14/24	Delegert vedtak - dronebruk for tilsyn av sau - Vetle Laurdal , Andersfjell og Bjørndal - Folgefonna nasjonalpark		2021/5815
DS 15/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel 2024 - Snøscooter - Etne 104/1 - Bergstø - frakting av saltstein		2024/4559

ST 8/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 31.05.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjent.

ST 9/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 31.05.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Styreleiar Sigrid Brattabø Handegard og Mette Heidi Bergsvåg Eikrheim signerer protokollen.

ST 10/24 Folgefonna nasjonalparkstyre - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 31.05.2024

Handsaming i møte

Innstillinga vart samrøystes vedteke, med unntak av punkt 7. Styret ynskjer ikkje delegere ilegging av overtredelsesgebyr til forvaltarane, då det er eit lite tal slike saker, og slike saker bør drøftast i styret.

Roald føreslo fylgjande alternativ som vart samrøystes vedteke: "7. Saker av prinsipiell karakter, eller innføring av ny praksis skal opp til drøfting og avgjerdsle i nasjonalparkstyret."

Vedtak

Styret gjev nasjonalparkforvaltar mynde til å handsame saker etter verneforskrifta sine spesifiserte dispensasjonareglar og nokre særskilte reglar etter § 48 i naturmangfaldlova.

Delegasjonen gjeld fylgjande sakstyper:

1. Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdslø og motorferdslø i verneforskriftene:

- Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 5 og 6.
- Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.
- Forskrift om vern av Ænesdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.
- Forskrift om vern av Hattebergdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.
- Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.

2. Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der :

- det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret, og føresetnadane er tilnærma uendra
- det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarande saker
- forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet

3. Vedtak i samråd med styreleiar når ei sak hastar på grunn av fare for skade eller annan negativ verknad på verneverdiane, t.d. stans av ulovlege forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.

4. Handsame søknadar om å endre fristar fastsett av nasjonalparkstyret, eller endre fristar på eige initiativ.

5. Utsette klagefrist etter forvaltningslova § 29, fjerde ledd.

6. Treffe avgjerd om utsett iverksetjing etter forvaltningslova § 42.

7. Saker av prinsipiell karakter, eller innføring av ny praksis skal opp til drøfting og avgjerdslø i nasjonalparkstyret.

ST 11/24 Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Hjortedalen - Valestrand Beitesforening

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 31.05.2024

Handsaming i møte

Innstillinga vart samrøystes vedteke. Styret avslår søknaden, og ber forvaltar halde dialog med Valestrand beitesforening om ein eventuell ny søknad.

Vedtak

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar kan sjå behovet for bygging av ei bod knytt til hovudhuset i Hjortedalen, men ikkje med den storleiken og utforminga som er omsøkt. Forvaltar innstiller på avslag basert på dei ytre måla. Bygget bør vere smalare og ha mindre dimensjonar. Boda burde ha takutstikk, noko som er tradisjonell byggeskikk og beskyttar ytterveggar mot fuktskadar.

ST 12/24 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 31.05.2024

Handsaming i møte

Forvaltar orienterte om referatsakane. I tillegg vert det orientert om følgjande:

- Nasjonalparkforvaltar og styreleiar var på synfaring i Mosnesdalen 7. mai. Saka om utbetring av stien i Mosnes vil handsamast gjennom eit møte på Teams før sommaren.
- Stibbyggjaren AS vann anbodskonkurransen om stirestauring i Bondhusdalen. Ein må begrense tiltaka noko, då pristilbodet ligg over budskjett.
- Revidering av forvaltingsplanen: Det vart mellom anna diskutert retningslinjer for bygg i nasjonalparken og bruk av fleirårig løyve. Nasjonalparkstyret er generelt positive til fleirårige løyver til bruk av droner for i samband med hysdyrnæring og ved utfyking av hjortevilt.
- Forvaltarane har arbeida med ein ny brosjyre over nasjonalparken. Denne er no til språkvask hos Miljødirektoratet.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre tek referatsakene til vitande.

ST 13/24 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 31.05.2024

Handsaming i møte

Vedtak